

Den forsvunne ringen

Dette er historien om ein giftering, og for å få sammenhengen i historien må vi begynne i Frafjord. Den 6. august 1850 blei Jorina Asbjørnsdatter Frafjord født i Frafjord. Ho gifte seg i 1875 med Martin Serinius Knutsen Eiane fra Forsand. Dei budde og dreiv gardsbruk på Øvre Eiane, og i 1877 fekk dei dottera Helene Maria. Helene Maria gifte seg i 1903 med Andreas Holmen fra Holmen i Dirdal. Dei fekk 6 barn sammen, men eldste dattera døydde bare 2 år gammel i 1906. Dei andre 5 vokste opp i Holmen. I 1916 døydde Helene Maria bare 39 år gammel. Då blei Andreas aleine med 5 mindreårige barn, den minste bare 1 år. Og her begynner historien om ringen:

Etter at Helene Maria døydde, var mor hennar, Jorina, ofte i Holmen for å hjelpe Andreas og barnebarna sine. Mor mi, Magda, var eit av barnebarna. Ho sette stor pris på mormor si, og snakka alltid varmt om henne. Ein gong Jorina var i Holmen, oppdaga ho at giftingen var borte. Ho trudde det måtte være i Holmen ho hadde mista den, men visste ikkje kvar. Eg kan huske mor mi og tantene mine snakka ofte om ringen som var bortkommen. Dei leita både høgt og lågt, men all leitinga til tross; den forsvunne ringen var stadig eit mysterium. Under krigen blei så huset i Holmen bomba og brent ned. Alt som var i huset blei tapt og ein gav opp å finne ringen. Jorine var då død og ringen blei meir og mindre gløymd.



Dette er foreldra til Helene Maria

Martin Serinius Knutson Øvre Eiane
1843 – 1904

Jorina Asbjørnsdtr Frafjord
1850 - 1940



Jorina Asbjørnsdtr.

Påsken 2015 kom Hans I Høie, tippoldebarnet til Jorina, med metalldetektor til Holmen for å undersøke om det var interessante ting i bakken. Han tenkte nok mest på gjenstander etter

krigen og gamle bruksting fra jordbruket. Etter ganske kort tid fekk han signal på edelt metall 30 cm ned i jorda. Det var giftringen til Jorina. Funnet blei gjort bare få meter fra huset, og kan nok tyde på at Jorina arbeidde på åkeren då ho miste ringen sin. Ringen var i forbausende god stand etter nærmere 100 år i jorda, og er nå i familiens eie igjen.



På venstre bilde ser vi initialene til Jorina, til høyre stempel. Giftringen fra 1875 er nå trygt tilbake i familiens eie.

Holmen 18. juli 2015
Daniel A Øvstebø